


På vegne av Rigmor Olsen vert det søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet til frådelling av eksisterande bustadhus på 143/7 Storasundvegen 111.

Tiltaket er nabovarsla, og det har ikkje kome inn merknadar.



Omsøkt parsell vist i grønt. Gjenverande tun og våningshus markert med raud sirkel.

Frådellinga vil ikkje endre arealbruken, og den nye parsellen vert liggande i eit område kor det dei siste tiåra er utparsellert bustadeigedomar gjennom dispensasjonar frå LNF-føremålet. Delinga omfattar i det alt vesentlege areal som etter AR5 er registrert som anna markslag. Langs austre gjerde er det imidlertid registrert innmarksbeite, inn på bustadparsellen, men dette byggjer på ei registrering med noko unøyaktigheit. Omsøkt deling følgjer eksisterande gjerder/hekk, og omfattar areal som alt er teke i bruk til bustadføremål. Arronderinga er vurdert som god i det ein følger eksisterande terreng, landskapselement og allereie etablerte grensemarkørar som gjerde, hekk og mur. Omdisponeringa det er tale om utgjer 0,1 daa innmarksbeite, eit sær marginalt areal som burde inngått i allereie kartlagt anna markslag, og som ikkje påverkar avkastninga på bruket på nokon måte.

Omsøkt tomtestørleik er i samsvar med etablert utbyggingsstruktur, og kjem ikkje i konflikt med dyrka mark, registrert natur-/arts mangfald eller

friluftinteresser. Delinga får heller ingen direkte verknad for kulturminne, anna enn at utført registrering vil følgje nytt gnr/bnr. Omsøkt parsell utgjer 1.950 m², og 143/7 vil framleis ha våningshus Storasundvegen 109, opphavleg tun med driftsbygning intakt.

Delinga medfører soleis ikkje negative verknadar i høve til driftsstrukturen i landbruket, og den frådeltte parsellen ligg i utkanten av eigeidomen - inn mot annan fast busetnad. Med dette finn ein òg at driftsulempene ved delinga er små, og at samtykke til deling kan gjevast etter jordlova §§ 9 og 12 med bakgrunn i at driftsstrukturen vert oppretthalden – og delinga vedkjem eksisterande bustad som grensar til andre, tidlegare frådeltte eigeidomar.

Med bakgrunn i dette kan ein ikkje sjå at LNF-føremålet vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

01.08.2022

Dokumentet er elektronisk signert

Kristian Råsberg

Fimbul AS